


# Menighetsbladet

Nr. 6 • Julen • 2011 • 44. årgang

BORE KLEPP ORRE



Ukraniatur for Klepp-ungdommer



Familien Slettbakk i Mali



De setter Klepp på verdenskartet



Organ for Klepp Prestegjeld.  
Kjem ut 6 gonger i året.

**Redaksjonskomité:**  
Einar Egeland  
Anne Håkonsholm  
Arvid Hareland  
Ingunn D. Aandal - kontaktperson

Forsidebilde: Linda Aanestad

Layout: Linda Aanestad  
Trykk: Olsson as

**Postadresse:**  
**Menighetsbladet**  
- Postboks 101  
- 4358 Kleppe  
  
- Telefon: 51 78 95 55  
- e-post:  
menighetsbladet@klepp-kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239

Neste nummer kjem ut 02/02

## STOFF MÅ LEVERAST INNAN 10/01

(Med forbehold om ledig plass)

Surf innom  
[www.klepp.kirken.no](http://www.klepp.kirken.no)  
eller  
[www.klepp.kyrkja.no](http://www.klepp.kyrkja.no)

Der vil du finne mykke  
nyttig informasjon.  
Velkommen!

# KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

## KLEPP KYRKJEKONTOR

Besøksadresse:	Klepplvarden 2, 4352 Klepp
Postadresse:	Postboks 101, 4358 Klepp
Telefon:	51 78 95 55
Telefaks:	51 78 95 50
e-post:	kontor@klepp-kirken.no
e-post Menighetsbladet:	menighetsbladet@klepp-kirken.no
Heimeside:	<a href="http://www.klepp.kyrkja.no">www.klepp.kyrkja.no</a>

## KONTORTIDER

Måndag - torsdag:	08.30 - 14.30
Fredag:	08.30 - 12.30
Elles etter avtale	

Frøyland og Orstad kyrkjekontor:

Besøksadresse:	Orstadbakken 33, 4355 Kverneland
Postadresse:	Postboks 43, 4356 Kverneland
Telefon:	52 97 31 50
Heimeside:	<a href="http://www.fok.no">www.fok.no</a>

Bore kyrkje	51 42 22 52	
Soknerådet, Nikolai Homme	51 42 00 77	900 53 744
Klepp kyrkje	51 42 16 39	
Soknerådet, Svein Olav Nesse	51 42 34 86	920 22 874
Orre kyrkje	51 42 23 46	
Soknerådet, Lars Bjarne Salte		900 41 782

## TELEFONLISTE ANSATTE:

Navn	Direktenummer	Privat
Kyrkjeverge, Dagbjørg Straume	51 78 95 60	959 65 273
Sekretær, Ingunn D. Aandal	51 78 95 59	924 19 934
Sekretær, Kari Haavardsholm	51 78 95 55	992 66 752
Sokneprest, Andreas Haarr	51 78 95 51	977 16 339
Sokneprest, Åsmund Steinnes	51 78 95 52	402 01 978
Sokneprest, Sigve Ims	52 97 31 51	475 00 941
Prest, Jarle Minnesjord	51 78 95 54	970 66 145
Prest, Frode Helvig		986 03 405
Kantor, Ola Sotnakk	51 78 95 58	996 28 182
Organist, Ove Byberg	51 78 95 58	926 67 300
Organist, Arne Hadland,	51 48 83 77	
Musikalsk leiar, Hilde Svela	52 97 31 53	482 45 034
Diakon, Henny Lie Sandve	51 78 95 56	473 02 252
Kateket, Karsten Wilhelmsen Degnes	51 78 95 53	450 48 726
Menighetspedagog, Kjersti Olimb Salte	51 78 95 57	478 70 004
Ungdomsprest, Just Salvesen	52 97 31 52	410 04 692
Ungdomsarbeidar, Christine Å. Hansen	51 78 95 62	934 34 923
Ungdomsarbeidar, Siril Schei		934 97 944
Ungdomsarbeidar, Joakim Unhjem "Uen"		478 16 284
Kyrkjepar, Ketil Arne Terning	51 78 95 61	900 35 471
Kyrkjepar Bore, Kristoffer Byberg		980 18 061
Kyrkjepar Orre, Marit Hetland		900 66 798
Klokkar Bore, Terje Idsø		51 42 18 09
Klokkar Orre, Bjørn Borgen		51 42 86 94



# Kateketens hjørne



Jeg er stolt av å være en del av et fantastisk godt ungdomsarbeid på Klepp! Vi hadde noen vonde episoder på Klepp ungdomsskole i høst, men det er allikevel helt feil å si at Klepp ikke er et trygt sted å bo. På Klepp bor det utrolig masse fabelaktig flotte ungdommer, og jeg kan gå rundt på Jærhagen og bare smile – for vi har mye å være glade for og stolte av!

Vi har opplevd ungdommer som stiller opp for hverandre, som prøver å unngå baktaling, som ber for hverandre og som kommer i høpetall inn på våre møter og gudstjenester. Vi er inne i en positiv stim og mange ungdommer har blitt kristne det siste året og blitt en del av det kristne miljøet.

Før kunne man skille mellom 'idrettsmiljøet', 'festmiljøet', 'Axis-gjengen' og 'de kristne'. Sånn føler jeg det ikke er lenger, på en positiv måte. Jeg treffer mange som er med i alle disse miljøene. Jeg treffer kristne ungdommer som er med vennene sine på fest, for å være en positiv faktor og ta vare på vennene sine. Jeg treffer fotballfrelste som samtidig er Jesus-frelste. Jeg treffer danseglade Axis-folk, som selvfølgelig også går på Stresslezz (ungdomsgudstjenestene våre). Jesus mente ikke at vi skulle sitte inn i kirkene våre og bare ha det trygt og godt. Han vil sende oss ut, ut der folk er. Der vi kan få bety en forskjell og være annerledes (på en positiv måte ☺).

Har du noen gang tenkt på at Gud ofte, oftere enn du tror, vil bruke akkurat DEG for å vise et medmenneske hvem Han er? Vi er Guds redskap, hender og føtter, øyne og ører på jorda. Dette lærer vi ungdommene våre. Vi vil fylle dem opp og sende dem ut, som positive faktorer i et samfunn som alltid vil trenge en hånd, et øye, et øre eller et par friske føtter.

Karsten kateket



## Ønskjer du nokon å snakka med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest, kateket og diakon for samtale.

Diakon Henny Lie Sandve  
tlf. 51 78 95 56

Sokneprest Andreas Haarr (Klepp)  
tlf. 51 78 95 51

Sokneprest Åsmund Steinnes (Bore)  
tlf. 51 78 95 52

Kateket Karsten Degnes  
tlf. 51 78 95 53

Prest Jarle Minnesjord (Orre)  
tlf. 51 78 95 54

Prest Frode Helvig (Klepp Stasjon)  
tlf. 986 03 405

# De setter Klepp på verdenskartet!

Vi har fått tak i to x-konfirmanter som virkelig har tatt store steg ut i verden. Liva Lagestrand og André Fosså Aquiluz har begge blitt mestere i hver sin idrett.



## Liva Lagestrand, 18 år, europamester.

**Hva har du blitt Europamester i og når?**

Kyokushinkai karate. Det er fullkontakt karate som stammer fra Japan, og blir rekna som den hardaste i verden. Eg trene karate på Bryne og blei europamester 16.10.2011.

**Du var konfiant i år 2008 og var Klekker året etter.**

**Hva husker du best fra Konf.tiden og Klekkåret?**


Det eg huske best fra konftiden og tida etter var nok Skjærgårds, eg e veldig musikkintressert så eg syns at dette va en superkjekke ting. Og det va utroligt masse kjekke folk, som kunne svara meg på alt eg lurte på. Eg syns og stresslezz og møtene va veldig intressante. Eg e veldig nysgjerrig av meg, og elske å hørra om andre sine opplevelser med tro og kristendommen, og få diskutera me de andre ke me trudde på.

**Hva tror du den tiden har betydd for deg? Og hvorfor?**

Eg trur eg lærte veldig mye om meg sjøl under tiden som konfiant, lærte å ha tro på meg sjølv og ikke bry meg så masse om ke andre sa, fordi eg visste inni meg at eg va god nok.

**Vis du skulle gi et tips til årets konfirmanter, hva ville det vært?**

Ikke vær redd for å prøva, åpna deg opp for ukjente ting og ta te deg det du lære. Det komme godt med seinare i livet! Husk å ha tru på deg sjøl, hvis du vil noge så kan du gjer det.



## André Fosså Aquiluz, 20 år, verdensmester

**Hva har du blitt Verdensmester i og når?**

Jeg ble verdens mester i BMX i slutten av juli noe som kom ganske uventa men som jeg har jobbet knall hardt for.

**Du var konfiant i år 2006.**

**Hva husker du best fra Konf.tiden**

Det jeg husker best fra konftiden må være det sosiale vi hadde på møter, samlinger og ikke minst de kjekke turene.

**Hva tror du den tiden har betydd for deg? Og hvorfor?**

Den tiden er noe jeg aldri vil glemme. Det som betydde mest var å møte andre nye mennesker og binde sterkere bånd med mine venner, samtidig som jeg fikk et nært forhold til tro.

**Vis du skulle gi et tips til årets konfirmanter, hva ville det vært?**

Ha det gøy ta vare på hverandre og kos dere gjennom konfiant tiden.

# Sosial samling i Klepp kyrkje

Det er tidleg fredag kveld på Kleppe. Det lyser både i kyrkerommet og i menighetssalen i Klepp kyrkje. Inne i kyrkja er små og store samla til ei lita andaktstund før ein går inn i menighetssalen til felles kveldsmat.

I andaktstunda syng me kjende barnesongar, og presten vår Andreas har ein liten andakt kor han set seg i trappa framføre alterringen og fyrt og fremst snakkar til borna. Denne kvelden får me høyra om Jesus som kom vandrande på vatnet mot disiplane som var redde for å gå under med båten i dei store bølgjene, og om korleis Jesus trua bølgjene og vinden.

Etter andaktstunda er det kveldsmat i menighetssalen. Store og små er samla rundt småbord, det er masse god, sunn kveldsmat, og drøset går jamt rundt bordene. Det er rett triveleg både for store og små ser det ut til.

Det har vore tre av desse samlingane i kyrkja denne hausten, kvar gong fredag kl. 18.00, og det vert ein siste samling før jul fredag 25. november kl. 18.00.

Ein vil og halda fram med triveleg fellesskap ein del fredagar over i det nye året.

Kveldsmat samlingane vart starta opp i Klepp kyrkje sist vår, og tanken bak det heile er ha ein sosial arena kor ein kan møtast berre for prate og bli betre kjent. Dei fleste som kjem til samlingane er unge par med småborn, men det vert sett pris på når nokre av den litt eldre garde kjem innom og. Det er berre å møta opp om du vil vera med på desse samværa, men er det noko du lurer på, så er Else Fredheim Hodne og Maria Friestad Bergseth Sikkeland kontaktpersonar.

Tekst Arvid Hareland, foto Helga Hareland



Store og små er samla rundt småbord, det er masse god, sunn kveldsmat, og drøset går jamt rundt bordene. Det er rett triveleg både for store og små ser det ut til.



Andaktstund i trappa

# Storslåtte Thailand!

## Fargerike Thailand

**Infomøte om prostitur:  
Bryne kyrkje, peisestua  
(underetasjen), onsdag  
11. januar 2012, kl. 19.30.**

**Egil S. Eide kåserer og forteller  
om turen. Prost Ludvig  
Bjerkreim, Sandnes, viser  
bilder fra Sandnes prosti sin tur  
okt./nov. 2011.**

**Kom selv, og ta med  
venner til et uforpliktende  
informasjonsmøte! Påmelding  
i møtet og i tiden etter.**

**Vel møtt til alle interesserte!**



"Fantastisk opplevelse". "Enestående opplegg". "Beste tur jeg har hatt", skriver tidligere deltakere. Nå har DU sjansen til å oppleve, ikke bare "turist-Thailand", men det virkelige "Smilenes land" sammen med leder Egil S. Eide og prost Kjell Børge Tjemsland, Jæren prosti sin representant. Prostituren vil i tillegg til å gi kunnskap om kultur, historie, kirke og misjon, også skape fellesskap innad i prostiet, og vi blir kjent med nye på tvers av soknegrensene. Turen er også tidligere omtalt i menighetsbladet. Her er programskissen for prostituren:

**Dag 1-3:** Til BANGKOK fra Sola via København. Velkomstmiddag på Hotel Grand China Princess. Besøk til Immanuelkirken og Lovsangshjemmet i slummen (Den Evangelisk Lutherske Kirke i Thailand/Det Norske Misjonsselskap). Sightseeing. Båttur med middag på hovedelva Chao Phraya gjennom Bangkok.

**Dag 4-6:** Med Thai Airways til CHIANG RAI. Rimkok Resort. Dagstur til "Det gyldne triangelet", der Thailand, Laos og Burma møtes. Båttur på Mekong-elva til Laos-marked. Til Mae Sai, landets nordligste by med grenseovergang til Burma. Med buss på en makeløs tur gjennom storslått landskap, besøk i fjellandsby med folkegruppene Akha og Karen, og videre til den over 700 år gamle, sjammerende byen Chiang Mai, kalt "Nordens rose". Hotell Empress. Verdensberømt nattmarked.

**Dag 6- 8:** CHIANG MAI: Elefantleir i utkanten av jungel. Orkidéfarm. Det kristne universitet Payap. Innsikt i byens tradisjonsrike håndverk (silke, bomull, sølv, treskurd, lakkvare, lær, m.m.). Til et av landets vakreste templer på fjellet Doi Suthep.

**Bli med på Jæren  
prosti sin tur til  
Thailand  
ca. 27.10 - 10.11  
2012.**

**Dag 9- 11:** Fly tilbake til hovedstaden BANGKOK, og videre med buss til Nakhon Pathom, Thailands eldste by (150 år f. Kr.) og prisbelønte "Rose Garden". Fargerikt folkethestow. Organisk gård: Tradisjonell matlagning, risplanting, blomsterdekorasjon, dans m.m. Tur til Kanchanaburi til "Broen over Kwai", kjent fra film og roman, og tur med "Dødens jernbane", som krigsfangene anla.

**Dag 12 -15:** Buss til østkysten av Siamgulfen og Hotell Asia Pattaya. Direktør Chookiat og hans stab gir oss ekstra god service de rolige dagene i hage, ved strand og svømmebasseng. Mulighet for handletur til byen. Avskjedsmiddag.

Den helt spesielle turen vil by på stadige overraskelser og møter med folkeliv, natur, kultur og religion – og ikke minst vennlige, smilende thaier. Det gjør noe positivt med oss! Reiseleder Egil S. Eide har et godt kontaktnett som gir deltakerne ekstra god service. Han ble hedret med "Award Friends of Thailand" i Bangkok 2008 og fikk Kong Haralds Fortjenestemedalje i 2011.

**PRIS / PÅMELDING:** Flysæter kan ikke bestilles ennå. Derfor ca. tidspunkt og antatt pris: 21 000 NOK. Tillegg for enkeltrom: 3000 NOK. Merk hvor mye som er inkludert: Rutefly med SAS og Thai Airways. Hotellophold. Samtlige måltider i Thailand. Båt og bussturer. Sightseeinger. Reiseleder og guidetjenester. Ikke inkludert: Reise- og avbestillingsforsikring. Flyavgifter. Tips. Drikke til maten. Meld deg på til teknisk arrangør Ravinala, epost: post@ravinala.no, tlf. 51 51 61 47, eller til Kjell Børge Tjemsland, epost: kbt@time-kyrkja.no, tlf. 41 63 80 48. For mer detaljinformasjon, ring gjerne Egil S. Eide, tlf. 51 65 03 61. Vel møtt til fargerik opplevelsestur i godt fellesskap!

Egil S. Eide, leder  
Kjell Børge Tjemsland, prost Jæren prosti



J  
U  
L  
P  
Å  
K  
L  
E  
P  
P  
S  
T  
A  
S  
J  
O  
N

**Søndag 4. desember**

Kl. 11.00 Adventsgudstjeneste  
Kl. 18.00 Julegrantenning, Stasjonen

**Tirsdag 13. og onsdag 14. desember:**

kl. 17.00-19.30 Julevandring på  
Stasjonen. Ny vandring hver halvtimme.  
Aktiviteter og kos i venterommet så  
lenge du vil.

**Lørdag 17. desember:**

kl. 12.00-14.00: Juletrehogst, julegløgg  
og juleoverraskelser for heile familien på  
stasjonen

**Søndag 18. desember**

kl. 11.00 Adventsgudsteneste  
kl. 18.00 "Vi synger julen inn" på  
Bedehuset Bethania

**Julafoten**

kl. 15.30: Julegudsteneste på Engelsvoll skule

# Nå tennes tusen julelys

**Nå tennes tusen julelys**

**Det stråler rundt vår jord**

**Og himlens stjerner blinker ned**

**Til liten og til stor**

**Og over land og by i kveld**

**Går julens glade bud**

**Om han som fødtes i en stall**

**Vår Frelser og vår Gud**

**Du stjerne over Betlehem**

**Send dine stråler ned**

**Og minn oss om at julens bud**

**Er kjærlighet og fred**

**Til hver et fattig hjerte send**

**Et lystreif ifra sky**

**Så finner det den rette vei**

**Og det blir jul på ny**

**E. Kohler**



- Lokale songkrefter og musikarar
- Andakt ved Sølve Salte

Arr. Klepp stasjon kyrkjelyd og  
Bedehuset på Klepp stasjon

**Velkommen til**

**Vi syng  
jula inn**

**Klepp st. bedehus**

**Søndag  
18. desember  
kl. 18.00**





# Dette er jeg oppatt av

Jorunn Hagalid

I Verdalen skjedde det ei endring i sist veke. Jesus henta Ingvar. Ja, slik såg Ingvar det: Å døy er å bli henta! Plassen hennar i Bore kyrkjelyd, i venne- og familieflokkene er tom. Men i glede tenkjer eg på kva ho gav oss. Humør, livsglede, tru på ein raus Gud og viljen til å stå i Hans teneste. Like til "hentedagen". Ved Ingvar er bøna "Lat riket ditt koma" konkretisert for meg. Ho var eit ekte, levande menneske, prega av sin daglege dialog med Vår Herre. Nær henne kjentes himmelen tilstades midt i kvardagen!

Litt som Ingvar. Ja, eg ynskjer det. Glad i livet, forventningsfull og trygg i døden. Det er ei stor gåve.

Vi opplever nå hausten etter "den arabiske våren". Undertykte folk i den arabiske verda har reist seg mot diktaturet. Eg kjenner på håp og spenning. Vil nye demokrati veksa fram? Vil tilgjeving og forsoning liggja til grunn når samfunn skal byggjast på nytt? Vil trusfridom bli ein realitet?

Tankane mine går til biskop Thomas i den koptiske kyrkja i Egypt. Han var på Korsvei-festivalen i sommar. Eg kom der for seint til å møta og høyra han. Det er eg lei for. Men korsveibladet gav ein mektig presentasjon av han i sist nummer. Kyrkja til biskop Thomas er kjend med terror. Kyrkjebygg brenn, kristne bli drepne. Midt i dette er bodskapen hans: Vi skal handla i kjærleik slik som Gud er kjærleik.

Det er underleg for meg å lesa om denne mannen. At han i sitt liv og i sin kyrkjelyd lever etter Jesu ord i Bergpreika. Vi er der utfordra til å elskar fiendane våre, gjera vel mot dei som er vonde mot oss. Eg har ofte distansert meg frå denne teksten. Han verkar utopisk. Eit ideal som ikkje kan realiserast.

Biskop Thomas og hans kyrkjelyd stadfestar at eg tek feil. Den koptiske kyrkja i Egypt opplever vondskapen på sitt verste. Likevel nektar dei å la hat og bitre kjensler ta makta! Dei ber i staden Guds kjærleik inn.

Nyss blei dei på nytt krenka, ved slag og drap under ein fredeleg demonstrasjon. Styresmakta ved hæren såg overgrepet som naudsynt. Måtte aldri vår kyrkje møta liknande prøvingar som den koptiske! Men eg har ein draum: At kyrkja vår blir prega av dei haldningane

biskop Thomas og hans kyrkjelyd representerer. Det er ikkje oss gitt å koma dit på eiga hand. Det kan først skje når mennesket står i relasjon til Gud, Han som er kjærleikskjelda. Slik seier biskop Thomas det. Debattinnlegg og sterkt meiningsbryting kristne imellom får rikeleg rom i norske media. Kristne meiner så ulikt og pennen er ofte kvass. Eg får inntrykk av fiendskap. At dei som tolkar Ordet ulikt, ser det vanskeleg å dela det kristne felleskapet. Korleis skal då sårbare menneske kjenna seg trygge saman med oss? Det er jo vi som har oppdraget – visa nesten vår at Gud er glad i dei slik som dei er.

I siste nummer av "Agenda 3;16" deler Stein Are Hanserud trustankar med lesarane. Han stiller spørsmålet: "Kan vi bli så oppatt av å gjøre det rette at vi glemmer å gjøre det gode"?

Vi veit at det største bodet Jesus gav oss er at vi skal elskar Gud og nesten vår, som vi elskar oss sjølv. Kjærleik oppover, kjærleik innover, kjærleik utover! Det er vent, det er stort. Det er rett. Vågar eg?

# Ny Gudstenesteordning

Ny ordning for hovudgudstenester vert innført i Den norske kyrkja frå 1. søndag i adventsida 2011. I våre kyrkje i Klepp, Bore og Orre vil dette ikkje merkast så mykje i starten. Me får nye tekstrekkar, 3 stk, slik som det og var for nokre år sidan mot 2 i dag. Litt etter litt skal ny dåpsliturgi innførast. Så har me tida fram til 1. søndag i adventstida 2012 på å laga ei lokal grunnordning for gudstenesta.

Me får med den nye ordninga meir fridom til å prege gudstenestene lokalt. Dette tyder meir variasjon. Ein kan velje mellom ei rekke alternative bøner, svar frå kyrkjelyden og ulike musikalske og visuelle uttrykk i gudstenesta. Samstundes er det slik at det skal ikkje varierast kvar gong, glede over det kjende og gjentaking er og noko av det flotte i gudstenesta.

Gudstenesteutvalet i kvart sokn skal nå framover, saman med soknerådet og prest og kantor/organist laga ei lokal grunnordning for kvar kyrkje. Dette skal så godkjennast av biskopen i god tid før advent 2012. Me vil då nok oppleva noko av det me og i dag alt ser i våre kyrkjer, at kvar kyrkje og kvar gudsteneste har sin profil. Denne variasjonen vil halda fram også etter den nye ordninga.

I to tusen år har den kristen gudstenesta vorte feira, og hjå oss i meir enn tusen år. Kristne har kome saman på søndagen, Jesu oppstodedag, for å feira med ordet og nattverden som viktige deler av gudstenesta. Den nye gudstenesteordninga vil verte prega av impulsar frå den verdensvide kyrkja. Samstundes er den djupt forankra i den norske kulturen.

Me kan ha ulike grunnar for å gå til gudstenesta. Den djupaste grunnen ligg likevel ikkje i oss sjølv, men i at Gud kallar oss saman. Her tener Gud oss med sine gåver, og me tener han i bøn og lovsang. Alt som skjer i gudstenesta, er prega av at me er framfor Guds ansikt. Dette vert tydeleg når gudstenesta sluttar med:

"Herren velsigne deg og vare deg. Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig! Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred!"

## Nytt fra Stiftelsen Klepp nye kyrkje

Kommunen arbeider med regulering av området vest for kirken i forbindelse med utvidelse av kirkegård og eventuell ny kirke i samme området nær kirken.

I september 2010 hadde vi en samling i menigheten der det kom fram mange ønsker i forbindelse med ny kirke. Dette vil vi arbeide videre med sammen med rådgiver for kirkebygg i bispedømmet og ha en ny gjennomgang i november i år. Ut fra dette vil vi lage et første utkast som beskriver rammene for kirken og danner grunnlag for det videre arbeidet med tomtten.

Sokneråd og fellesråd vil bli involvert og orientert om dette arbeidet.

I 2012 er de foreløpige planene som følger:

Dugnad på rivning av et hus i januar/februar vil gi en god inntekt for stiftelsen. Jeg vil be så mange som mulig sette av lørdager allerede nå til denne innsatsen.

Det kan bli aktuelt med et loppemarked etter påske. Dette vil vi komme tilbake til.

I juni er det nordsjørittet igjen med god innsats fra en stor gjeng. Denne gangen blir det en vanlig lørdag, så da skulle det bli enklere å sette av dagen.

Til høsten neste år blir det et tilsvarende lotteri som vi hadde dette året.

Vi minner ellers om bruk av nr 14444 hos Coop som gir bonus til ny kirke, og panting av flasker på Coop Prix på Klepp stasjon der inntekten går til det samme.

Konto nr 32905271147 for gaver og givertjeneste.

Leif Solberg

# Ukrainatur for Klepp-ungdommer



Det har nesten blitt en tradisjon at ungdommer på Klepp har misjonsprosjekt i Ukraina og nå vil kirka ikke være noe unntak. Derfor skal 32 ungdommer og 7 ledere reise til Ukraina og byen Uzhgorod, 15. – 22. feb 2012.

Vi skal få være med å besøke et barnehjem, være med å dele ut mat og klær i Sigøynerlandsbyer, besøke sykehus og privatpersoner. Dette er tenkt å være en tur der vi skal GI, men vi er overbevist om at det også blir nok å FÅ. Vi vil oppleve en kultur som ligger langt fra vår og vi veit at vi vil se ting som vil brenne seg inn i i hukommelsen vår. Forhåpentligvis vil disse bildene gjøre oss til bedre mennesker som ser verden med nye øyne. Vi ser fram til en sterk og givende tur!

Ungdommene skal selv være med å samle inn en del penger til denne turen og vi håper der vil være med å støtte dem. Vi skal bl.a. selge vafler, boller og kaker, vi skal ha Misjonsløp og Misjonsbasar. Men en ting som mange kommer til å merk (i alle fall på Klepp, Klepp Stasjon og Tu) er juletreinnsamlingen vår, lørdag 7. januar 2012. Da kommer vi rundt i de tusen hjem og henter julereet ditt, tar det med vekk og kutter det opp. Du betaler 50 kr, blir kvitt treet og gir til en god sak!

Du kan bidra med å sende en sms med kodeord UKRAINA til 2434. Så gir du 200 kr. Tusen takk for ditt bidrag.



**Torsdag 19. januar kl. 17-19 på Kleppe bedehus, samler vi inn leker, sko og klær til Ukraina. Vi tar 100 kr pr sekke. (50 kr til transport og 50 kr til turen vår)**



**Du kan bidra med å sende en sms med kodeord UKRAINA til 2434. Så gir du 200 kr. Tusen takk for ditt bidrag.**



Gud har elsket oss først

Gud, du har elsket oss først,  
men vi taler om deg  
som om du bare hadde elsket oss først  
èn gang i fortiden.  
I virkeligheten er det dag for dag,  
hele livet gjennom  
at du elsker oss først.

Når vi våkner om morgen  
og vender vår sjel mot deg,  
kommer du oss i forkjøpet –  
du har elsket oss først.

Dersom jeg står opp før daggry  
og i samme øyeblikk  
vender min sjel i bønn til deg,  
da er du allerede der –  
da har du elsket meg først.

Når jeg legger bak meg alt som forstyrrer  
og søker inn i sjelen for å tenke på deg,  
da er du stadig den første.

Forlat oss, Gud, vår utaknemlighet.  
Det er ikke bare èn gang  
at du elsker oss først,  
det er i hvert eneste av livets øyeblikk.

Søren Kierkegaard

# Med okse der og asen stod...



– om ein fødsel i ein landsby  
*i Mali.*



Me går jula i møte her i Sevare nett som heime på Sørhellet. Nokre ting er likt som heime, medan andre ting er veldig annleis.

På nokre område kjem ein tettare på juleevangeliet enn heime. Maria var svært ung då ho gifta seg, dei lokale jentene her vert også gifte bort unge, av og til berre 13-14 år gamle. Ho var ei fattig jente, jentene her er fattige. Hø fødde i løynd, jentene her må også til tider føda i skjul og heilt åleine. Dei lokale husa til fulanerjentene er ofte ikkje meir enn ei rund hytte av pinnar som er kledd med strå eller plast, og rundt hytta står både esel, kyr, sauvar, geiter og høner. Ho er verre stilt enn Maria, dei har ikkje stall eingong. Ikkje har ho ei krybbe å leggja det nyfødde borna i, barnet vert tulla i eit teppe og ligg på ei strå- eller plastmappe på jordgolv. Ikkje er det rom i herberget her heller, herberget fins ikkje i landsbyen. Det høyrer til det sjeldne at det kjem kongar frå austerland med gåver, men gjetarar på marka er det mange av.

Nett som heime driv me med planlegging av julespel på skulen, utan å røpa for mykje vert det eit spel om Maria, Josef og Jesusbornet. Rollane som esel og andre viktige rollar er enno ikkje stadfesta kven som skal ha, men Rune er ganske god på eselimitasjon. Me skal ha bakedag for alle dei norske, me har med mørk sirup og krydder, så i teorien lovar det godt. Foreldra til ein annan norsk misjonær kjem ut til jul, og dei har lova å ha med pinnekjøt. Me får besøk av eit vennepar med born som tek med nokre gåver frå dei heime. Me tre familiane skal feira jul saman i ein naboby som heiter Douentza, og det gler me oss veldig til.

Tilbake i landsbyen er kontrastane store frå Noreg. Eit av ti born i Mali dør før det fyller året. Endå eit av ti born dør før det fyller fem. Den farlegaste veka i livet er den aller første veka. Mykje kan gå gale. Det er lite englesong her, men kanskje me berre må øve oss i høyra betre etter? Me skulle ønska me høyrte englesong kvar gong ein liten gut eller lita jente kom til verda her. Me skulle ønska fleire fekk det betre og slapp å føda aleine og i fattigdom, Me skulle ønske fleire fekk høyra om då Jesus vart født, og kva det har å sei for oss i dag.

## Med ønske om ei God Jul frå Familien Slettbakk i Mali



# I lika å spæle



*I e en skikkelig julefyr og gler meg alltid veldig til jul. Eg har eit romantisk forhold til jula sjølv om førjulstida lett kan bli hektisk.*

Ola Sotnakk er tilsett i fast stilling som kantor i Klepp kyrkje frå 9. oktober. Siste åra har han vore tilsett som kantor i Sola. Det var kort vei til jobb som lokka han til kantorstillinga i Klepp. Saman med kona Silje, barna Emilie (2,5) og Håkon (3 mnd) har han budd på Klepp i fire år. Kona ifrå Ganddal er nok årsaka til at romsdalingen har slått seg ned på Jæren. Ola snakkar romsdalsdialekt og håper folket i Klepp forstår, for dialekta har han tenkt å halde på!

-Jæren er triveleg, seier han. Eg er ifrå bygda og trives der! Det jordnære sinnelaget til folk gjer at eg kjenner meg heime. Når eg berre klarte å slå meg til ro med at her ikkje er fjell, - så er her fint. Eg har lett for å finne meg til rette. Dessutan er det lettvint å bu her for det er kort veg til alt.

-Korleis var vegen din til orgelkrakken? -Som barn spela eg piano. Eg var fascinert av orgel og som konfirmant fekk eg låne nøkkelen til kyrkja heime

på Kleive. Der øvde eg på eiga hand. Då eg gjekk på vidaregåande skule i Molde, oppsøkte eg domorganisten for å lære å spele orgel. Vegen gjekk vidare til musikklinje på Toneheim folkehøgskole der han møtte ho som han no er gift med. Ola reiste til musikkonservatoriet i Trondheim, men etter eitt år flytta han til Griegakademiet i Bergen der han var i fire år. Han avslutta musikkutdanninga si med to år ved Norges musikkhøgskule i Oslo.

-Kva tenker du om kantoryrket?

-Eg synes det er lukrativt for ein musiker med fast kommunal stilling. Kantorstillinga gir fridom til å utvikle musikaren i meg samtidig som det er mange lagde føringar for innhaldet i arbeidet. Det er viktig med kunstneriske utfordringar for å ivareta gnisten i arbeidet. Mi erfaring er at organistane i Stavanger området har god kontakt med kvarandre. Orgelfestivalen i Stavanger tar tak i både det musikalske og ulike utfordringar som vi møter i yrket vårt. Det er høge forventningar til musikalsk breidd. Organistutdanninga er klassisk. Det er ofte stor forskjell fra utdanning til forventninga i praksis. Eg har så vidt begynt å finne ut korleis det er i Klepp. Blir det for mykje møter kan eg nok kjenne på litt frustrasjon for I lika å spæle! Orgelet i Klepp kyrkje er eit godt arbeidsinstrument, sjølv om akustikken i kyrkja er heller laber. Eg trives godt i kyrkja. Den minner om mi barndoms kyrkje som er ei åttekanta trekyrkje frå same tida; rett

så heimekoseleg. Eg treng å bli kjend med folket og finne tonen i lag på fleire måtar.

-Ellers då, kva er du oppteken av?

-Familien tek mykje tid i den fasen vi er i no. Det er få timer til overs. Eg likar godt å kome meg ut i heia. Ein skal ikkje langt opp for å få god utsikt her på Jæren, fjelltoppar er unødvendig. Det var fascinasjon av orgellet som drog meg opp på orgelkrakken, men eg ser på det som ein bonus at det er så nært forhold mellom arbeidet mitt og trua mi. Eg opplever at eg forvaltar meir enn eit instrument og at trua mi påverkar haldninga mi til arbeidet. Ellers er eg veldig glad i julen. I e en skikkelig julefyr og gler meg alltid veldig til jul. Eg har eit romantisk forhold til jula sjølv om førjulstida lett kan bli hektisk. I desse dagar held eg på å finne ut av korleis oppleget er for julen i Klepp. Vårt inntrykk er at Klepp er ein triveleg og inkluderande kyrkjelyd. Det har vi erfart både før og etter at eg tok til i kantorjobben. Eg ser fram til å bli kjend med folket!

Tekst Anne Håkonsholm,  
foto Einar Egeland





DEN NORSKE KYRKJA

Klepp kyrkjelege fellesråd

**Søknadsfrist:  
10. desember**

## Har ledig stilling som klokker i Orre

### Arbeidsoppgaver:

- Delta på gudstjeneste to ganger i måneden annenhver måned.
- Enkelte helligdager.
- Gudstjenestedeltakingen innebærer tekstlesing, dåpsmedhjelper, lese kunngjøringer, pluss annet forberedelsesarbeid før og etter gudstjeneste.

**Krav:** Medlemskap i Den norske kirke.

**Stillingsstørrelse:** 2,5 % stilling.

Opplysninger om stillingen kan fås ved henvendelse til prest i Orre Jarle Minnesjord 97066145 eller kirkeverge Dagbjørg Straume 95965273.

Søknad sendes til dagbjorg.straume@klepp-kirken.no

Søknadsfrist **10.desember.**

## Vi synger julen inn

Bore bedehus 18. desember  
kl. 18.00 med allsang,  
solister, kor og orkester

*Siv Vuilliomenet  
UG-bandet  
Lokal jentegruppe  
Vitne  
Musikklaget*

Filmadakt med Bore kyrkjelyd og bilde,  
v/Fredrik Frøyshov. Velkommen alle sammen!



Arrangør: Bore bedehus og  
Bore kyrkje v/Kulturvelds

## Juletrefest

Søndag 8. januar kl. 16.00 – 18.00  
på Himmel & Hav, Sola

Levende julekrybbe, julevandring,  
julesanger og godtepose.

Kr. 50,- pr. person  
Maks kr. 150,- pr. familie.  
Påmelding innen 4. jan på  
51516281  
el [stavanger@nms.no](mailto:stavanger@nms.no)

Ta med uteklær etter vær!



Det Norske  
Misjonsselskap  
Region Stavanger



## Juletrefest

Kleppe bedehus

torsdag 29. desember kl. 19:00  
Misjonsektepar Helga og Arnfinn Røyland  
Bore musikklag  
Kollekt

Arr: Bedehusstyret og Klepp Sokneråd

# Gudstenester

## KLEPP KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

**04.12.** Tomasmesse. Nattverd. Andreas Haarr. Offer Kyrkjelydsarbeidet.

